STORTINGSVALET I NORGE 1961

VEGARD SLETTEN

Det er ikkje lett å avgjøre kven det norske stortingsvalet 11 september var det største sjokket for – Arbeidarpartiet eller opposisjonen. Sanninga er at utfallet var like uventa for alle: Det utrulige hadde hendt, at Arbeidarpartiet hadde mista fleirtalet i nasjonalforsamlinga, som det vann i frigjøringsåret 1945 og aldri seinare hadde gitt frå seg.

Ein epoke i norsk politikk var slutt, som hadde vart i meir enn ein halv mannsalder. Underlige kjensler måtte fylle statsminister Einar Gerhardsen, når han nå såg fleirtalsmakta gli ut av hendene sine etter alle desse åra. Men han kunne iallfall trøste seg med at han hadde sett ikkje bare norsk, men både nordisk og vesteuropeisk rekord.

ARBEIDARPARTIET 1945–61

I og for seg burde det ikkje være det minste merkelig at eit parti som aldri hadde greidd å samle halvparten av røstene i eit stortingsval, til slutt mista det »kunstige« fleirtalet sitt i Stortinget. Men netopp dette at det stod så på vippen ved kvart einaste stortingsval – og altid vippa til den same sida, til Arbeidarpartiet, måtte etter kvart skape det inntrykket blant veljarane, at det ikkje var råd å slå regjeringspartiet.

Framfor kvart stortingsval gjorde nok opposisjonspartia krav på systemskifte og gav uttrykk for bergfast tru på at denne gangen skulle det gå. Men like ofte viste det seg at dei ikkje hadde veljarane med seg. Eit ørlite atterslag for Arbeidarpartiet kunne være nok til å gi opposisjonen fleirtal i Stortinget. Men det kom aldri.

Tvert om hadde Arbeidarpartiet ein så jamn framgang i røstetal frå val til val, at det kunne ta modet frå dei største optimistane i dei fire opposisjonspartia. Arbeidarpartiet starta med 41 prosent av røstene i 1945. Fire år etter hoppa det opp i 45.7 pst. av røstene, så til 46.7 pst. i 1953 og nådde heilt opp i 48.3 pst. ved stortingsvalet i 1957. (Oppløysingsrett som i Danmark er ennå ikkje innført i Norge, og det er derfor alltid fire år mellom to stortingsval.)

Det var ei mager trøst for opposisjonen at regjeringspartiet iallfall ikkje hadde greidd å kome opp i 50 pst. av røstene. Sjølv låg dei og under 50 pst.-grensa, og i 1957 måtte dei sjå Arbeidarpartiet gå hårfint forbi seg. Ved dette valet fekk det 0.2 pst. fleire røster aleine enn dei ikkje-sosialistiske partia – Høgre, Bondepartiet som nå er omdøypt til Senterpartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre – fekk samanlagt.

Dessutan hadde Arbeidarpartiet og kommunistane saman vel halvparten av røstene, og enda om det var bitter motsetning mellom desse to parti, kunne ein ikkje kome ifrå at i den monn Arbeidarpartiet ennå var eit sosialistisk parti, var det sosialistisk fleirtal blant veljarane – som i Stortinget.

Bare svart i svart var situasjonen likevel ikkje frå opposisjonens synspunkt. Arbeidarpartiet gjekk nok fram frå val til val, men ikkje meir enn det som svarte til tilbakegangen for kommunistane, og den vart snart katastrofal. I frigjøringsåret samla Kommunistpartiet ikkje mindre enn 12 pst. av røstene ved stortingsvalet, men i 1957 hadde det bare att fjerdeparten. Samanlagt hadde dei to parti 51.5 pst. av røstene i 1949, 51.7 pst. i 1953 og på nytt 51.7 pst. i 1957.

For mange syntes konklusjonen klar: Dei sosialistiske parti hadde nådd sitt maksimum. Nå galdt det bare å vende straumen. Men korleis skulle ein greie det?

Når det stadig på nytt viste seg at Arbeidarpartiet fekk fleirtal i Stortinget utan å ha det mellom veljarane, er det naturlig at det vart eit viktig spørsmål for opposisjonen å få ei betre valordning. Systemet med tilleggsmandat blir ikkje brukt i Norge, og resultatet er at i heile etterkrigstida har Arbeidarpartiet hatt færre veljarar bak kvart av sine stortingsmandat enn noe anna parti. I 1953 fekk det 85 mandat – av 150. Mindre enn 46 pst. av røstene gav meir enn 56 pst. av mandata i Stortinget.

Det er altså dei store parti som oftast tener på mandatfordelinga. Dette kunne ein bøte på med å gi parti som står kvarandre nær, rett til å samarbeide ved valet. Det enklaste er ei ordning med listesamband – d. v. s. at dersom eitt parti får eit overskot av røster som det ikkje kan nytte ut sjølv, blir desse røstene overlatt til eit anna parti, som da kanskje kan bli sterkt nok til å ta eit mandat frå motparten.

Men Arbeidarpartiet var ikkje interessert i å la opposisjonen samarbeide på denne måten. Så snart det hadde fått fleirtal i Stortinget, vedtok det derfor å oppheve lova om listesamband. Partiet hadde den gangen så knapt fleirtal at det måtte utnytte dobbelstemmen til ein president med den rette partifagen for å kunne gjennomføre dette, og saka sette mye vondt blod.

Opposisjonen hadde likevel den utvegen at to eller fleire parti kunne sette opp ei felles valliste i distrikt der valordninga hadde ført til ei særleg

skeiv mandatfordeling. Slike felleslister har det vore prøvt med fleire ganger i etterkrigstida, men med magert resultat. Partia hadde ofte vanskelig for å bli forlikte om fordelinga av plassane på felleslister, og det kunne føre til ein lite oppbyggelig strid for åpen scene. Viktigare var det at veljarane hadde vanskelig for å skjønne at parti som elles ville være heilt sjølvstendige, ja kanskje var svært kritiske mot kvarandre, kunne samarbeide når det skulle være stortingsval.

I denne situasjonen var det at tanken melde seg om eit samarbeid mellom dei tre små parti i midten, Senterpartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre. Dei to første partia kom til i mellomkrigstida og tok særlig medlemene sine frå Venstre. Men etter frigjøringa vart det snart ei sterk tilnærming mellom dei.

Forsvaret og utanrikspolitikken vart nå »løfta ut av partipolitikken«, og alle parti var samde om å føre ein aktiv sosialpolitikk. Striden kom først og fremst til å stå om regulerings- og dirigeringspolitikken til Arbeidarpartiet, og i økonomiske spørsmål hadde dei tre mellomparti lett for å finne kvarandre. Etter kvart markerte dei seg som ei klart avgrensa gruppe og tok saman standpunkt til slike sentrale politiske dokument som Trontalen og regjeringsframlegget til statsbudsjett. Dei stod nok aller mest i opposisjon til Arbeidarpartiet. Men samtidig stilte dei seg kjølig til Høgres varme tale om »borgarlig« samarbeid. I dei siste åra har og Høgre på si side klart understreka sine særstandpunkt i den økonomiske politikken – m. a. med sterkare krav enn mellompartia om skattelette.

Det norske Arbeidarpartiet har gått lenger i statsdirigering og planøkonomi enn dei sosialdemokratiske søsterpartia både i Danmark og Sverige. Det kan synes merkelig at det da er dette partiet som lengst har kunna halde på regjeringsmakta aleine. Delvis har det ei nærliggande forklaring i at Norge er det fattigaste av dei tre landa og det som utan samanlikning er vanskeligast å bygge ut. Det er nok å nemne kostnaden med norsk vegbygging, kjempeunderskotet på jernbanedrifta og på rutebåttrafikken på vår 200 mil lange kyst. Meir enn dei fleste må nordmennene løfte i sams tak, om dei skal kunne livberge seg. Det har skapt ei sterk solidaritetskjensle og får jamvel dei mest konservative til å finne seg i statstiltak som utlendingar synes det luktar reindyrka sosialisme av.

Det er fullt på det reine at Arbeidarpartiet trass i sin relative radikalisme har fått tilslutning av store veljargrupper som slett ikkje lengtar etter å sjå sosialismen praktisert i vårt land. Det er nok å nemne at Arbeidarpartiet har klart fleirtal i dei store »sovebyane« som har vakse opp i utkantane av Oslo, det vil seie i eit mellomklassemiljø av stort sett unge folk.

Dette kan ein føre tilbake til den første etterkrigstida, da det var vår store nasjonale oppgave å reise opp att dei brende landsdelane. I denne

situasjonen var det umåtelig viktig at det kunne være ro på arbeidsplassane. Mange som hørte til i den »borgarlige« leiren, meinte derfor at det var nødvendig at Arbeidarpartiet hadde regjeringsmakta, og mye talar for at dei såg rett. Norge har iallfall like til det siste kunna glede seg over ei uvanlig fredelig utvikling i arbeidslivet.

Da tyngste taket med gjenreisinga var tatt, sette etterkrigsinflasjonen inn med full styrke. Seinare har stillinga meir enn ein gang vore kritisk – hos oss som i Danmark. Men det er bare politikarar og sosialøkonomar som har hatt vakenetter av den grunn. Sjeldan har det vel hendt at så manande varningsrop som dei opposisjonspolitikarane kom med i denne samanheng, har gått så fullstendig hus forbi hos folk flest.

Mannen i gata såg nok at prisane steig. Men det gjorde og løna hans, og tok ein med i rekninga at det var lett både for kona og vaksne barn å skaffe seg inntekt, så var prisauken ingen ting å la seg skremme av. Kanskje hadde opposisjonsførarane rett, når dei hevda at det ikkje var Arbeidarparti-regjeringa som berga oss gjennom dei farlige valutakrisene som dukka opp etter kvart, men Marshall-hjelp, Korea-krig og andre ytre ting. Men det gjekk iallfall godt trass i alle mørke spådommar. Kunne det da være grunn til å høre på dei som ville bli kvitt regjeringa?

OPPOSISJONEN SPLITTA

Arbeidarpartiet var for sin del fullt klar over at det hadde usikre veljargrupper på høgre fløy, og det gjorde sitt beste til å hindre at dei skulle la seg påvirke av lokketonane og skremslene frå opposisjonen. Med god virkning kunne det skildre kløyvinga i opposisjonen og spørre om det var Venstre, Senterpartiet eller Kristelig Folkeparti – ingen av dei med meir enn tiandeparten av stortingsmandata – som nå skulle bli regjeringsparti, eller om det kanskje var meininga å gjøre spranget heilt over til Høgre, som nok var det største opposisjonspartiet, men som likevel ikkje hadde nådd opp i 30 mandat i heile etterkrigstida. Kva låg det i det heile i dette kravet om systemskifte? spurde Arbeidarparti-pressa. Noe felles program hadde iallfall ikkje opposisjonen kunna legge fram til denne tid.

Så seint som ved stortingsvalet i 1957 gjorde denne argumentasjonen god virkning, og den konklusjonen låg nær for hand, at skulle opposisjonen ha von om å ta fleirtalet frå Arbeidarpartiet ved neste krossveg, måtte ein møte veljarane med eit opplegg som det var sterkare appell i.

Det kom derfor slett ikkje uventa, da ein del gode menn i Vest-Agder (på Sørlandet) ei tid etter kom saman til rådlegging og sende brev til dei tre mellompartia om å finne fram til eit samarbeid så ein kunne få det regjeringsalternativet som det var så mye tale om.

Dette fekk tilslutning frå mange kantar. Det var tydelig at dei sørlandske brevskrivarane hadde gripe ein tanke som låg i lufta. Likevel var

det langt ifrå at alle som sokna til mellompartia, straks sa ja og amen. Det reiste seg snart ein hard strid om saka, først og fremst i Venstre, og vi har ennå ikkje sett slutten på den.

Det var Senterpartiet som hadde lettast for å ta stilling til samarbeidsspørsmålet. Det var i ferd med å følgje eksemplet frå sitt svenske søsterparti, som hadde lagt bort bondenamnet og tok sikte på å bli eit sentrumsparti som og kunne samle andre mellomgrupper enn jordbrukarane. Det norske Senterpartiet hadde nok i si tid fått ein del tilsig frå den konservative fløyen, og det måtte derfor vente at eit sentrumssamarbeid ville føre til at ein del av veljarane som var komne frå den kanten, ville røste med Høgre i neste omgang. Men alt i alt kunne det bare styrke eit parti som sjølv satsa på sentrumslinja i norsk politikk, at andre parti slutta opp om den.

I Venstre stod meiningane frå første stund hardt mot kvarandre i denne saka. Det vesle Venstre av i dag har ein tung arv i si store fortid. Venstre var det store nasjonale partiet som førde parlamentarismen fram til siger i 1884 og brøyta vegen fram til unionsoppløysinga i 1905. Så seint som under storkrigen 1914–18 hadde det ennå reint fleirtal i Stortinget, og til det siste har mange venstrefolk drømt om ei »samling i midten« som skulle gi Venstre si gamle makt tilbake.

Elles er Venstre i like høg grad som noen gang eit »idéparti«. Det representerer inga enkelt samfunnsgruppe, enda om det er eit typisk middelstandsparti, og vil med programmet sitt appellere til alle om å sette fellesskapet over særinteresser. Det ligg i dette at Venstre er det minst homogene av alle politiske parti i Norge. Ja ein kan diskutere om det i det heile er eit parti og ikkje bare ei samling av folk med svært sjølvstendig – og ulikt – syn på viktige samfunnsspørsmål, som er knytta saman i ein tradisjonsrik men sterkt utvatna radikalisme.

Det er lett å skjønne at det var for hard kost for mange venstrefolk å være med på eit samarbeid som bygde på erkjenninga av at Venstre i dag bare er eitt av dei tre nokså jamstore – eller rettare jamsmå – mellompartia. Men den hardaste motbøren fekk samarbeidstanken frå det som populært blir kalla Dagblad-Venstre. Dagbladet er i opplag den nest største avisa i Norge og er talsmann for ei gruppe av kulturradikalarar som politisk står på ytste venstre fløy i Venstre. Dagbladet har vore sterkt kritisk innstilt mot bøndene og mot »kristenfolket«, som er store grupper i partiet, og bladet har derfor vore ein torn i auget på partileiinga og stortingsgruppa.

Alt i alt står Dagblad-Venstre på linje med det radikale venstre i Danmark og ville nok gjerne at det skulle være eit regjeringssamarbeid mellom Venstre og Arbeidarpartiet. Alt samarbeid med parti på den »borgarlige« sida er gruppa hardt imot, og det blåste derfor snøgt opp til storm, da

det viste seg at partiformannen Bent Røiseland – sjølv bonde frå Vest-Agder – var ein ivrig talsmann for sentrumssamarbeidet.

På landsmøtet i Venstre stod meiningane så hardt mot kvarandre at det syntes å være fare for partisprenging. Røiseland måtte derfor nøye seg med ei svært avgrensa fullmakt til å forhandle med dei to andre mellompartia. Dette tolka opposisjonen som ein klar siger for seg og gjorde alt for å bremse på partileiinga, da forhandlingane om sentrumssamarbeidet kom i gang.

Det tredje av mellompartia, Kristelig Folkeparti, meiner sjølv at det ikkje er eit politisk parti av det vanlige slaget. Det driv ikkje politikk, blir det sagt, men hentar inspirasjonen sin frå kristendomen og har til oppgåve å arbeide for den. Partiet har kunna utnytte det sterke taket det har på »kristenfolket«, til å øve politisk press i religiøse og moralske spørsmål. I praktisk politikk har det stått på linje med Senterpartiet og Venstre, men har likevel halde fast på fiksjonen om si særstilling.

Dette kom sterkt til uttrykk da spørsmålet om sentrumssamarbeid vart aktuelt. Det ser ut til at dei fleste av partiet sine toppmenn i Stortinget har vore interesserte i samarbeidstanken, men det er tydelig at dei har møtt sterk motstand ute i landet frå partimedlemmer som ikkje ville at Kristelig Folkeparti skulle gi opp det minste av si særstilling. Striden har likevel gått for seg mykje meir i det stille enn det tilsvarande oppgjøret i Venstre, og stillinga i Kristelig Folkeparti har det derfor heile tida vore vanskelig for folk utanfor partiet å gjøre seg opp ei pålitelig meining om.

Forhandlingane mellom sentrumspartia skulle først og fremst ta sikte på å finne fram til eit arbeidsprogram som dei tre parti saman kunne gå til val på i år, samtidig som dei sa frå at dersom Arbeidarpartiet mista fleirtalet i Stortinget, ville dei gå saman om å lage den nye regjeringa som da måtte overta styringa i landet. Men Senterpartiet la stor vekt på at ein ikkje bare måtte formulere eit slikt regjeringsalternativ. Det måtte og bli praktisk valsamarbeid i så mange valkrinsar rundt i landet at veljarane ikkje skulle få det inntrykket, at det einaste som skjedde, var at partileiarane vart einige om visse prinsipielle spørsmål utan at samarbeidet kom til uttrykk i konkrete tiltak.

På denne måten vart arbeidet med å utforme eit felles program og med å få gjort lokale samarbeidsavtaler, knytta så sterkt saman at det eine heile tida kom til å bremse på det andre. Så lenge det ikkje var avgjort at dei tre partia ville kome fram til eit felles valprogram, var det ikkje å vente at det skulle falle lettare enn før å få til praktisk valsamarbeid ute i landet. Det vil lett bli strid om rekkefølgja for kandidatane på ei valliste som fleire parti er saman om. Er det da samarbeid på landsbasis, kan eit parti som vil tene på valsamarbeidet i eitt distrikt, til gjengjeld slå av på sine krav i eit anna distrikt. Men slik samordning var det

uråd å få til denne gangen, fordi heile situasjonen omkring sentrumssamarbeidet var uklar til like innunder stortingsvalet.

Dei konkrete resultat av arbeidet med felleslistene vart alt i alt magert. Senterpartiet og Venstre møtte med felles lister i 5 av dei 20 valdistrikta i landet (eitt for kvart fylke eller amt). Kristelig Folkeparti heldt seg utanfor dette samarbeidet, men let være å stille liste i to fylke der partiet ingen sjanse hadde til å bli representert. Derimot gjorde partiet avtale med Høgre om fellesliste i Bergen, men det var rett nok eit lokalt tiltak, som partileiinga var svært lite fornøgd med. Elles hører det med i bildet at ein hard strid om fellesliste eller »rein« venstreliste i Sør-Trøndelag, fylket omkring Trondheim, førte til at ei gruppe som kalla seg frie venstreveljarar, stilte si eiga valliste i opposisjon til den offisielle felleslista.

Først da situasjonen var klarlagt ute i distrikta, kom ein så langt at dei tre mellompartia skulle ta stilling til utkastet til felles programerklæring. Men nå sa Kristelig Folkeparti at når det ikkje hadde vorte fleire felleslister – det måtte partiet sjølv ta meste ansvaret for! – var det ingen grunn til å vedta eit fellesprogram. Endskapen vart at dei tre partia sende ut ei erklæring der dei viste til samarbeidet sitt i Stortinget og til det økonomiske programmet dei før hadde lagt fram der.

SOSIALISTISK FOLKEPARTI

Ingen kan undres på at særlig arbeidarpartipressa hadde vore flittig til å ause all sin hån ut over mellompartia for den nokså uheldige måten samarbeidsstrevet dei imellom hadde utvikla seg på. Men regjeringspartiet hadde på denne tid fått problem å stri med som gjorde at opposisjonen trass alt ikkje såg altfor mørkt på framtida.

I heile etterkrigstida har det vore ein viss opposisjon innanfor Arbeidarpartiet mot utanriks- og forsvarspolitikken. Ein flokk intellektuelle i Oslo gjekk til slutt saman om å gi ut eit blad som fekk namnet Orientering, og som stod i klar opposisjon til partileiinga. Kritikken hadde ikkje bare adresse til utanriksminister Halvard Lange, men vende seg og stadig sterkare mot sosialpolitikken til Regjeringa, som Orienteringsgruppa meinte var altfor varsam.

Til slutt slo partileiinga til. Framståande Orienteringsfolk fekk valet mellom å gå ut av gruppa eller å bli ekskluderte av partiet. Ingen av dei bøyde seg, og snart var sprengninga eit faktum. Dette skjedde kort tid før den sterke bølgja av protest mot atomsprengningane gjekk over Vest-Europa, og så dukka tanken opp om å samle alle dei misnøgde i eit nytt parti. I sommar vart Sosialistisk Folkeparti skipa, men pressa festa seg ved at det ikkje var ein einaste kjend politikar med i det nye partiet. Alle dei opposisjonelle i Arbeidarpartiet som hadde eit namn, heldt seg langt unna »atomprotestantane«. Det var derfor ingen som trudde at det nye

partiet hadde noe å vinne ved stortingsvalet. Ikkje minst gav statsminister Gerhardsen uttrykk for dette synet.

Denne undervurderinga av dei stemningar ute i folket som Sosialistisk Folkeparti var gått fram av, er eit vitnemål mellom fleire om at kontakten mellom leiarane for Arbeidarpartiet og mannen i gata har svikta i det siste. Det kom m. a. til uttrykk på ein svært uheldig måte da Arbeidarpartiet sette seg hardt imot at SF skulle få være med i dei programpostane i kringkasting og fjernsyn, der alle parti deltar framfor eit val. Resultatet var at SF fekk tildelt eit par særskilte sendingar, og der kunne da talsmennene for partiet kreve norsk utmelding av NATO og einsidig norsk avrusting (ikkje ein gang kommunistane har gått så langt) utan at det kom ein einaste kritisk merknad til dette drastiske programmet. For seint oppdaga Arbeidarpartiet at det langt ifrå hadde skadd SF med forsøket på å isolere partiet.

VALKAMPEN

Ingen skal seie at valkampen vart særlig livlig. Det er forresten ikkje vanlig her i landet. Denne gangen vart han dessutan svært kort, fordi stortingsvalet er flytta fram ein månad og for framtida skal være tidlig i september. Da blir det ikkje meir enn 3–4 veker å gjøre på frå skoleferien er slutt og til veljarane skal gå til urnene.

Bakgrunnen for denne endringa er at Norge omsider har gått over til å la budsjettåret følgje kalenderåret. Da må Stortinget gjøre seg ferdig med statsbudsjettet (finansloven) i haustsesjonen, og den var før for kort til at det kunne la seg gjøre.

Arbeidarpartiet gjekk til val på slagordet »Nye gode år«. Det var naturlig på bakgrunn av at høgkonjunkturen varer ved, enda om det er stygg svikt i utanriksøkonomien. For opposisjonen var det ikkje mykje å svare til dette. For ein stor del gjekk diskusjonen om dei økonomiske problem opp i krangel om kven som hadde æra for den uomtvistelige framgangen i etterkrigsåra. Opposisjonen hevda at Regjeringa pynta seg med lånte fjører i dette stykket, og det vekte oppsikt, da tidligare generalsekretær i FN, nåværande fylkesmann Trygve Lie, i eit valforedrag for Arbeidarpartiet slo fast at det ikkje var noe enkelt parti som hadde skapt velstanden i landet, men at den var eit resultat av gode konjunkturar og innsatsen til heile folket.

Ei viss uro skapte det at prisane tok til å gå sterkt opp i 1961 etter å ha vore svært stabile i fleire år. Det førte til store lønskrav ved tariffoppgjøret, det første på tre år, og mellom dei fagorganiserte kom det etter kvart til uttrykk ein god del misnøye med den måten LO handterte lønsforhandlingane på. Landsorganisasjonen i Norge er like sterkt politisk en-

gasjert som LO i Danmark og Sverige, og svikt i rekkene der ville være umåtelig farlig for Arbeidarpartiet.

Elles er det grunn til å notere at det sterke konserverande draget som opposisjonen lenge hadde meint å finne teikn på i politikken til Arbeidarpartiet, fekk uttrykk i slagord som »Vi veit kva vi har«, og i statsminister Gerdhardsens ord om at det nå ikkje var tid til politiske eksperiment.

VALUTFALLET

Da valkampen gjekk mot slutten, var alle forlikte om at noe valskred ville vi ikkje få denne gangen heller. Ja det var få som for alvor trudde at Arbeidarpartiet ville miste fleirtalet i Stortinget. Dei fleste meinte nok at det ville gå litt tilbake i røstetal og dermed ventelig måtte gi frå seg eit mandat eller to i Stortinget. Men i verste fall skulle regjeringspartiet kome tilbake med 75 mandat, spådde reknemeistrane, og da ville altså opposisjonen blit snytt for fleirtalet enda ein gang.

Det siste slo til, men elles vart utfallet av valet slik ingen hadde drømt om det. Aviser som hadde laga tippekonkurranse mellom lesarane sine, fann da heller ikkje eit einaste rett svar i haugen av fantasifulle tips.

På sett og vis kan ein seie at både Arbeidarpartiet og den »borgarlige« opposisjonen gjekk ut av valet som taparar. Begge desse motpolane i norsk politikk fekk ein mindre prosentdel av det samla røstetalet ved stortingsvalet i år enn i 1957. Tilbakegang var det og for kommunistane. Samanlagt vart dette ein tilbakegang på 2.4 pst. av det samla røstetalet, og dette var da det som det nye Sosialistisk Folkeparti vann.

Men den politiske realiteten i valutfallet er sjølvsagt først og fremst at det viste tap for regjeringspartiet. Det gjekk ikkje bare tilbake relativt, men og absolutt, i røstetal, og på toppen mista det stortingsfleirtalet. Opposisjonen kunne derimot peike på ein liten auke i det samla røstetalet, og på ein pen framgang i stortingsmandat.

Det var 35.000 fleire som røsta ved dette stortingsvalet enn i 1957, i alt vel 1.8 millionar. Men talet på veljarar hadde stige så mykje i mellomtida, at frammøteprosenten likevel viser litt nedgang. På grunn av dei lange avstandane har den alltid vore låg i Norge og ligg under 78 for landet under eitt.

Arbeidarpartiet fekk 855.000 røster (avrunda tal), vel 10.000 færre enn ved stortingsvalet for fire år sidan. Dermed gjekk partiet sin prosentdel av det samla røstetalet ned med 1.5 – til 46.8 pst.

Omslaget gjorde seg ikkje like sterkt gjeldande i heile landet. Arbeidarpartiet hadde framgang i 6 valdistrikt, men det gjekk klart tilbake i dobbelt så mange, og alt i alt må ein seie at tendensen i valet var svært klar.

Framgangen for Sosialistisk Folkeparti gir bare delvis forklaringa på tilbakeslaget for Arbeidarpartiet. Det nye partiet greidde ikkje å stille liste i meir enn 5 valdistrikt, og Arbeidarpartiet gjekk altså tilbake i 7 distrikt der det ikkje hadde konkurranse frå Sosialistisk Folkeparti. På den andre sida var tilbakegangen størst der det nye partiet stilte liste, og det kan ikkje være tvil om at det først og fremst var frå Arbeidarpartiet Sosialistisk Folkeparti tok røstene sine.

Særlig sterkt var atterslaget i Telemark, som er blitt eit viktig industrifylke. Det vitnar om alvorlig svikt mellom dei fagorganiserte. Hardt måtte det og kjennas at Arbeidarpartiet mista 5 pst. av røstene sine i sjølve Oslo, samtidig som det andre store partiet der, Høgre, hadde pen framgang.

Dei fire »borgarlige« opposisjonspartia fekk samanlagt 875.000 røster, 20.000 fleire enn Arbeidarpartiet. Dei auka røstetalet sitt med 10.000 røster, men det var ikkje nok til å hindre ein liten tilbakegang i prosentdel av det samla røstetalet – frå 48.1 i 1957 til 47.8 i år. Likevel hadde dei nå på nytt fått eit lite overtak på Arbeidarpariet.

Det er uråd å fordele dette røstetalet heilt retferdig på dei enkelte opposisjonspartia på grunn av felleslistene. Men fordeler ein dei røstene som i 1957 fall på felleslister, på grunnlag av styrken til fellesliste-partia ved valet i 1953, og lagar ei tilsvarande utrekning for stortingsvalet i år, blir resultatet at valet i år viser framgang for Høgre, omtrent stillstand for Senterpartiet og tilbakegang for Venstre og Kristelig Folkeparti.

Høgre kom opp i omkring 362.000 røster, ein framgang på vel 20.000. Det har nå nokså nøye 20 pst. av det samla røstetalet og er dobbelt så stort som noe av dei tre mellompartia.

Av dei var det nå som i 1957 *Kristelig Folkeparti* som hadde det største røstetalet, 176.000, enda det gjekk tilbake med 7000 røster. Prosentdelen av det samla røstetalet vart 9.6.

Senterpartiet auka røstetalet sitt med 3000 til nær 170.000 og fekk 9.3 pst. av alle røster. Dermed gjekk partiet forbi Venstre, som nå er det minste av mellompartia. *Venstre* hadde eit røstetap på nær 8000 og fekk 165.000 røster – 9 pst. av det samla røstetalet.

Det som sveid hardast for desse to parti, var likevel at det alt i alt gjekk dårlig med felleslistene. Særlig var det tilfelle i dei to Agder-fylka, der kravet om sentrumssamarbeid vart reist. Ein annan ting var det at felleslistene trass alt oppfylte sin misjon og dels sikra mandat som var i faresonen, dels gav mandatvinst, i eitt tilfelle frå Arbeidarpartiet.

Striden om felleslistene gir fullgod forklaring på dette. I Vest-Agder gjekk det lokale venstreorganet hardt imot felleslista i fylket, der partiformannen Bent Røiseland var førstemann. I andre distrikt opplevde ein at kjende venstrefolk rådde veljarane til heller å røste med Arbeidarpartiet enn å stø felleslista Venstre – Senterpartiet.

Likevel gjekk striden i Venstre slett ikkje bare ut over felleslistene. I Oslo vart redaktør Helge Seip i Dagbladet slått ut av Sosialistisk Folkepartis kandidat. Her mista partiet heile 20 pst. av røstene sine og sitt einaste mandat. Det hadde og stor tilbakegang i fylket omkring Oslo, Akershus, der førstekandidaten hørte til Dagblad-Venstre. Den »reine« lista i Sør-Trøndelag samla mindre enn tredjeparten af venstrerøstene frå 1957, og med dette tiltaket oppnådde dei »reine« bare å demonstrere at dei var i klart mindretal.

Sosialistisk Folkeparti fekk vel 43.000 røster, 2.4 pst. av det samle røstetalet. Det er ikkje lite for eit nytt parti utan presse, som stort set måtte improvisere innsatsen sin i valkampen i siste liten. I dei distrikt der partiet stillte liste, fekk det opptil 7 pst. av røstene (i det store fiskarfylket Nordland). I Oslo var røsteprosenten til partiet 6, og det slo ikkje bare ut Venstre, men gjekk og forbi Kristelig Folkeparti. Dermed vart det tredje største parti i hovudstaden, med 18.000 røster.

Til slutt har vi så *kommunistane*. Det har vore vanlig meining at hos dei var no bare den »harde kjernen« att. Men dei mista likevel meir enn tiandeparten av røstene sine og gjekk tilbake til 53.000 røster, mindre enn 3 pst. av det samla røstetalet. Verre var det for partiet at partiformannen Emil Løvlien vart slått ut av Senterpartiet i småbrukar- og skogsarbeidarfylket Hedmark med noen få røster overvekt. Dermed mista partiet sitt einaste mandat i Stortinget. Det hadde gjort seg von om å vinne tilbake eit mandat i Finmark, men det lykkas ikkje. Stortingskandidaten der sa i ein kommentar til utfallet av valet, at Krutsjov hadde bomba han ut av Stortinget med atomsprengningane sine, som denne kommunisten tok sterk avstand frå.

Samanlikna med dei nokså små endringane i røstetala for dei gamle partia vart det store utslag valet gav i *mandatfordelinga i Stortinget:*

Arbeidarpartiet	74	mandat	(÷ 4)
Kommunistane	0	–	(÷ 1)
Socialistisk Folkeparti	2	–	(+ 2)
Høgre	29	–	(som før)
Senterpartiet	16	–	(+ 1)
Kristelig Folkeparti	15	–	(+ 3)
Venstre	14	–	(÷ 1)
Ialt....	150	mandat	

Det vil seie at dei »borgarlige« opposisjonspartia samanlagt fekk akkurat like mange mandat som Arbeidarpartiet – 74, og at Sosialistisk Folkeparti blir tunga på vektskåla i dei tilfelle da Arbeidarpartiet og opposisjonen står mot kvarandre.

Ei lita endring kan det bli i mandatfordelinga, men det vil ikkje få virkning for maktbalansen. Det nye Stortinget har vedtatt at det skal være omval i fire kommunar i Vest-Agder, fordi det var gjort feil ved opptellinga av røstene. Det kan lett føre til at Høgre tar det mandatet som i første omgang fall på Kristelig Folkeparti.

Mandatfordelinga viser at valordninga i Norge langt frå bygger på matematisk rettferd. Kristelig Folkeparti gjekk tilbake i røster, men auka likevel mandattalet sitt med 25 pst. Høgre hadde utan samanlikning størst framgang i røster, men fekk ikkje fleire mandat enn før. Og Arbeidarpartiet gjekk mykje meir tilbake i mandat enn i røster.

Men alt dette heng saman med den skeive mandatfordelinga i det gamle Stortinget. Tilfellet ville at det vart retta ein del på den nå, og bak kvart mandat i det nye Stortinget står dette røstetalet.

Senterpartiet	10.600
Arbeidarpartiet	11.560
Kristelig Folkeparti	11.750
Venstre	11.800
Høgre	12.850
Sosialistisk Folkeparti	21.700

Mange ting viser at det tok tid før både leiarane for Arbeidarpartiet og partipressa vart fullt klar over at Arbeidarpartiet var blitt redusert til eit mindretalsparti – og over dei konsekvensane det måtte få. Men snart stilte alle det brennaktuelle spørsmålet: Korleis i all verda kunne det gå for seg at fleirtalet så uventa vart borte?

Sjølvransakinga har vore i gang både for åpen scene og bak stengde dører i nokså mange veker nå, og mange partiaviser har vorte svært fritalande. Ein har kunna lese på trykk at utfallet av valet var ein ørefik som hadde lært partiet at det ikkje kunne kome sovande til resultata, og organet til ungdomsorganisasjonen i partiet (AUF) fortalde lesarane sine at i månader og år skulle Arbeidarpartiet nå være kvilelaust opptatt av å finne årsakene til nederlaget. Bladet må ha meint at det ikkje ville bli så lett.

Eit svært vanlig syn i partipressa er at arbeidarar røsta med Sosialistisk Folkeparti i protest, og det har vore mykje tale om dei feil partiet har gjort i den praktiske politikken – særlig i viktige sosiale spørsmål. Ein nettopp avgått stortingsmann og partiredaktør skreiv om dumme ting partiet hadde gjort trass i »temmelig harde åtvaringar«. Frå eit ekstraordinært landsstyremøte i Arbeidarpartie etter valet har vi fått høre at det var ønske om ein »kanskje noe meir dristig politikk« – som det heiter i statsminister Gerhardsens sikkert ikkje særlig dristige referat.

I det heile har sjølvransakinga i partipressa etter valet gjort det klart at meiningane må ha stått mykje sterkare mot kvarandre innanfor Arbeidarpartiet enn det har kome fram i den offentlige debatten, men at det likevel har vore ein sterk tendens til å la partileiinga råde. Det er grunn til å merke seg at ikkje minst statsminister Gerhardsen, som og er partiformann, etter valet har lagt sterk vekt på å få betre kontakt mellom dei vanlige medlemmene og partileiinga.

KONSEKVENSEN AV VALET

Noen få partiaviser meinte at konsekvensen av valet måtte bli at regjeringa Gerhardsen straks gjekk av. Men dei fleste fann ingen grunn til det, ja dei hevda at regjeringa kunne føre politikken sin vidare som om ingen ting hadde hendt. »Det vil ikke bli tale om å svinge verken hit eller dit for å oppnå støtte for en ny politikk«, skreiv regjeringsorganet Arbeiderbladet.

På si side hevda somme høgreaviser at nå måtte opposisjonen overta regjeringsmakta. Men dei fleste innanfor opposisjonen var klar over at det fans ikkje saklig grunnlag for eit slikt skifte. Det var framleis eit meir eller mindre sosialistisk fleirtal i Stortinget, enda om Arbeidarpartiet hadde mista fleirtalet sitt. Enten måtte det da bli ei samlingsregjering – den løysinga var mellompartia sterkt inne på – eller og måtte Arbeidarpartiet bli sittande med regjeringsmakta så lenge stortingsfleirtalet ville godta det.

På landsstyremøtet i Arbeidarpartiet tok somme til orde for at regjeringa skulle gå av reint taktiske grunnar. Dei meinte at opposisjonen ville ha svært vanskelig for å lage regjering, og det kunne dei nok ha rett i. Dermed ville regjeringsmakta snart gå tilbake til Arbeidarpartiet, og da ville regjeringa sitte tryggare enn før.

Men dette framlegget vart avvist med stort fleirtal, og regjeringa Gerhardsen skal nå prøve å baute seg fram mellom dei politiske skjæra.

Den eine av dei to nyvalde representantane for Sosialistisk Folkeparti, ein mann som aldri har vore borte i politikk før, kommenterte utfallet av valet med at nå måtte statsminister Gerhardsen bøye kne for SF-føraren Finn Gustavsen. Noe slikt har nok statsministeren ikkje hatt i tankar. Derimot har han kanskje vore villig til å gå med på eit visst samarbeid med det nye partiet trass i alle motsetningar. Finn Gustavsen var iallfall den første av partiførarane han søkte kontakt med etter valet. Men trontaleordskiftet (åpningsdebatten) i det nye Stortinget har gjort det klart at alle slike planar nå er oppgitt. Der vart det den eine harde duellen etter den andre mellom dei to parti.

Likevel har statsminister Gerhardsen gitt uttrykk for at han ventar å få støtte frå SF i prinsipielle innanrikspolitiske spørsmål der han må rekne

med modstand frå dei »borgarlige« parti. Derimot er han villig til å kome fram til forståing med opposisjonen når det gjeld statsbudsjettet.

Til dette har opposisjonsførane nå svara i trontaleordskiftet at dei kan ikkje godkjenne ei slik oppdeling av dei politiske stridsspørsmål. Skal det være samarbeid, må det gjelde på alle område.

Samtidig har opposisjonsførarane gjort det klart at dei ikkje vil felle Regjeringa før det i tilfelle melder seg eit viktig politisk stridsspørgsmål. Dette har samanheng med at Storting og Regjering nå skal ta stilling til den største saka som har vore oppe i norsk politikk på lange tider – spørsmålet om Norges tilknytning til Det europeiske økonomiske fellesskapet (Fellesmarknaden). Alle legg sterk vekt på at det må bli ei brei politisk samling i denne saka, og da må ikkje strid om ein eller annan budsjettpost få skape krisestemning.

Dette er så gode vilkår som ei mindretalsregjering kan vente å få, og det er langt ifrå at det politiske barometret står på storm i Norge etter stortingsvalet. Tvert om ser det ut til a regjeringa Gerhardsen kan sitte noenlunde trygt både ut dette året – og eit godt stykke lenger.